


FANGST OG SKJELPRØVAR I ESPEDALSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst av laks i perioden 1988-2017 var 421 (snittvekt 3,9 kg). Før 1988 var det registrert små fangstar enkelte år, men det er ikkje kjent om dette er reelt eller skuldast manglande innrapportering. Også enkeltår etter 1988 ser det ut til å vera manglande rapportering (**figur 1**, stolpar). I 2017 vart det fanga 918 laks (snittvekt 5,7 kg), det nest beste resultatet for heile perioden. Ca. 10 % av laksane vart sett ut att i elva.

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1988-2009 var 127 fisk (snittvekt 1,0 kg). Fangstane avtok frå 2000 og utover, og frå 2010 har sjøauren vore freda. I 2017 vart det fanga 82 sjøaure, 81 av desse vart sett ut att.

Utviklinga i sjøaurefangstane i Espedalselva frå midt på 1990-talet stemmer godt over eins med det ein har sett for resten av fylket (**figur 1**, linje). Det er ikkje tilfelle i same grad for laks, fleire av åra avvik laksefangstane markert frå trenden i fylket elles. Fangsten av laks dei tre siste åra har vore relativt sett klart betre enn snittet for resten av fylket.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Espedalselva i perioden 1978-2017 (stolpar). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland (utanom Espedalselva). Sjøauren er freda frå 2010. **NB!** Figuren inkluderer gjenutsett fisk.

Analysar av skjelmateriale

Sidan 2005 er det analysert skjelpørvar av 1543 laks og 12 sjøaure frå Espedalselva (**figur 2**). I 2017 mottok me prøvar av heile 365 laks (44 % av avliva fangst).

Innslaget av rømt oppdrettslaks har vore stabilt lågt etter 2009, andelen har vore ca. 2% eller mindre sidan 2010. I 2017 var andelen 0,3 % (ein oppdrettslaks).



FIGUR 2. Antal skjelpørvar frå Espedalselva (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (linje).

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Edvard Griegs vei 3, 5059 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no